

Deres ref.:
Vår ref.: 11285965

Dato: 25.01.2013

Kommentarar til høyringsfråsegner – konsesjonssøknad overføring av Vossadalsvatn

BKK Produksjon AS har motteke 19 fråsegner til konsesjonssøknaden. Vi har kommentert kvar fråsegn individuelt, men der same tema vert gjenteke viser vi til tidlegare svar.

1. Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen nemner innleiingsvis at dei treng eit betre underlag for å vurdere samla belastning i området mellom Osterfjorden, Kvamskogen, Hardangerfjorden og Bergsdalen. Fylkesmannen saknar eit dokument som gir bilete av inngrepsstatus og eit samla oversyn over eksisterande og framtidig påverknad av naturmangfaldet.

Svar BKK:

BKK har utarbeidd konsesjonssøknaden for Overføring av Vossadalsvatn med tilhøyrande konsekvensutgreiing i tråd med NVE sin vegleiar 3/2010 for konsesjonshandsaming av vasskraftsaker. Vår vurdering er at utgreiinga synleggjer samla belastning og summen av eksisterande og mogleg framtidig påverknad på ein god måte i tråd med vegleiaren sine krav. Dersom konsesjonsmyndigheita finn det tenleg å gjennomføre utgreiingar utover det som er vanleg i konsesjonssaker vil vi sjølv sagt oppfylle dei krav som vert etablert som ny praksis. Overføringsprosjekta frå Øystesevassdraget og Vaksdalsvassdraget er tidlegare handsama i Samla Plan for vassdrag. Øystesevassdraget vart satt på vent på grunn av utgreiing for vern, men ei samla vurderingar av desse prosjekta blei utført og konklusjonen var at desse prosjekta kan konsesjonssøkast.

FM

I øvre del av Øystesevassdraget, frå Vossadalsvatnet ned til Fitjadalsvatnet vil ein særleg merke at det blir redusert vassføring. Konsekvensutgreiinga legg særleg vekt på endringane i vassføring i Øystesevassdraget. Dei andre inngrepa er sett på som små og lite synlege. Samla konsekvens for landskap er sett til middels (til liten) negativ (-/(-)). Fylkesmannen vil peike på at omfanget av restvassføringa lenger ned i Øystesevassdraget har liten relevans dersom det i tillegg vert opna for utbygging av Øysteseelva nedafor Fitjarvatnet.

Svar BKK:

BKK meiner at uttalen til Fylkesmannen om restvassføringa sin manglande relevans er underleg sidan det her er snakk om to ulike prosjekt med sine særsegne konsekvensar. Vår forståing av situasjonen i Øystesevassdraget er at det kan gjevast løyve til: 1. begge utbyggingane 2. ingen av utbyggingane 3 eit av alternativa. Denne vurderinga må vege føremonene, til eksempel samfunnsøkonomi og energiproduksjon opp mot ulempene, her tap av naturverdiar og vassføring, ved kvart einskild prosjekt.

FM

Prosjektet vil føre til samla bortfall av INON-område på 9,13 km² i sentrale fjellområde mellom Hamlagrøvatnet i Bergsdalen og Kvamskogen. Av dette vil 7,33 km² vere endring frå INON-sone 1 til INON-sone 2. Til tross for store talmessige tap i sentrale fjellområde i Hordaland, vurderer søkjer at dette har lite omfang og sett konsekvensane som liten/middels negativ (-/-). Under tema friluftsliv i konsekvensutgreiinga er det vist til at områda frå Vaksdalfjella til Fykkesundet og frå Kvamskogen til Bergsdalen og Vossafjella er det største området nær Bergen utan tekniske inngrep. Tilretteleggingstiltak, hytter til overnatting og mange turløyper både sommar og vinter viser at området er mykje i bruk og har stor regional verdi. Til tross for verdifastsettinga meiner søkjar at konsekvensane av utbygginga samla er lite negativ (-).

Svar BKK:

Vi ynskjer å presisere at det ikkje er BKK som set konsekvensgraden for dei tema som Fylkesmannen listar opp. Konsekvensutgreiinga er gjennomført av Sweco. Metodikken som Sweco har nytta er velkjent og akseptert i forvaltninga, nemleg Statens vegvesen si handbok-140, 2006. Når det gjeld utrekning av bortfall av INON har BKK oppdaga ein feil der vi i konsesjonssøknaden har sett arealet for bortfall av INON til 9,13 km². Dei riktige verdiane for bortfall av INON er 7,7 km² (av dette er 0,9 km² i sone 1). Endring av INON frå sone 1 til 2 er 8,2 km². Denne utrekninga er gjort av Sweco og ligg til grunn for konsekvensutgreiinga for landskap. Vidare meiner vi at det i NVE si vurdering av dei negative konsekvensane for landskap, friluftsliv og INON må leggjast vekt på inngrepa sin utsjånad i landskapet. Det vil ikke vere regulering av Vossadalsvatnet, ut over naturleg vasstandsvariasjon. Inntaket vil vere dykka og dermed ikkje synleg. Overføringa går i tunnel og vil heller ikkje medføre endringar i sentrale delar av dette friluftsområdet. BKK meiner derfor at dette området i stor grad framleis vil framstå som urørt. Når det gjelder inngrep i og ved Svartavatnet, så er dette eit område som allerede i dag er påverka av regulering og vi meiner at dette området ikkje vil stå fram som vesentleg endra i forhold til dagens situasjon.

FM

Fylkesmannen er usamd i fastsetting av konsekvensgrad for fleire viktige tema, slik det går fram av søknaden. Vi meiner at dei regionale og nasjonale verdiane må vektleggjast høgare når ein skal ta stilling til omfanget av ei utbygging som omfattar overføringa av øvre del av Øystesevassdraget til Samnanger. Dette vil føre til uønskte irreversible naturinngrep i eit særskilt viktig fjellområde. Dei samla friluftinteressene i regionen er ikkje presenterte utfyllande nok, og dei samla negative effektane av utbyggingane kjem difor ikkje godt nok fram. Heile områda må visast på eit samla kart. Vi saknar omtale av heilskapen, ikkje minst dei langsiktige, regionale perspektiva. Den langsiktige verdien av å ta vare på større, samanhengande friluftsområde med ulike kvalitetar for ulike

brukargrupper gjennom året er undervurdert og må synleggjerast. Fylkesmannen vil vektleggje eigenverdi av urørt natur og dei langsiktige perspektiva høgare enn det som er gjort i søknaden. Dei negative konsekvensane av utbygginga er undervurdert, spesielt når det gjeld fragmentering og reduksjon av høg fjellsområde, INON-område og regionale friluftsområde.

Svar BKK:

Fylkesmannen er usamd i konsekvensgrad for fleire viktige tema og at dei regionale og nasjonale verdiane må vektleggjast høgare. Utanom tema for landskap og friluftsliv er ikkje Fylkesmannen her meir spesifikk for kva tema han meiner. Når det gjeld verdifastsettinga i høve til friluftsliv har KU faktisk brukt Fylkesmannen og Fylkeskommunen sitt eige dokument til verdisetting, jf. s 22 og 23 i fagrapport om friluftsliv. Området Fitja- og Vossadalen har stor regional verdi. Her kjem det også fram at Fitjadalen er svært viktig, og området kring Vossadalsvatnet er viktig for friluftslivet, også regionalt. I konsekvensutgreiinga for friluftsliv har desse områda vurdert til å ha stor verdi. Samanstillt med det faktiske omfanget med få tekniske inngrep og stor restvassføring i Øystesevassdraget meiner vi at konsekvensutgreiinga sine konklusjonar er riktig. I Samla plan-rapporten for overføringsprosjekta til Samnangervassdraget som FM har hatt ansvaret for, er verdien for friluftsliv i tilsvarande område der sett til middels, dvs nest høgaste verdi (svært høg verdi er den høgaste). I KU er den sett til Stor verdi som er den høgaste verdien der. Trass dette meiner FM at verdien skal setjast enno høgare

2. Kvam Herad

BKK har ingen merknader til uttalen frå Kvam herad.

3. Samnanger kommune

Kommunestyret i Samnanger har handsama saka der det vart lagt fram tre forslag til vedtak, eit mot overføring og to for overføring. I det eine forslaget til vedtak vart det lagt som premis at det overførte vatnet skal gå igjennom Frøland kraftverk. Forslaget mot overføring fekk 9 røyster, mot 12 røyster fordelt på to ulike forslag for overføring.

Svar BKK:

BKK registrer at Samnanger kommune isolert sett er for overføring av Øystesevassdraget, men usamde i om vatnet skal ende opp i Aldal eller Frøland kraftverk og at det såleis etter votering vart fleirtal for vedtak mot overføringsprosjektet.

4. Hordaland Fylkeskommune

Hordaland fylkeskommune er positiv til overføringa av Vossadalsvatnet til Svartavatnet i Samnangervassdraget. Det vert stilt krav om at undersøkingsplikta etter §9 i kulturminnelova vert oppfylt i god tid før iverksetjing av tiltak.

Svar BKK:

Vi viser til svar frå Fylkeskonservatoren 28. juni 2012 der Hordaland fylkeskommune kan utsette spørsmålet om undersøkingsplikta etter §9 til etter konsesjonen er gitt. BKK vil oversende detaljplanar og avklare undersøkingsplikta i god tid før iverksetjing av tiltak.

5. Bergen Turlag

Bergen turlag reagerer på utbygging i verdifult landskap og turterreng.

«Høyfjellsområdet som omkranser Torefjellet, Fuglafjellet og Skrott i Kvam kommune har villmarkspreget og ingen av vatna her er regulerte (fram til Hamlagrøvatnet). Dette til forskjell frå fjellområdene lenger vest og nord. Vi mener at det er viktig å bevare noen områder urørt og vi ser med stor uro på at man nå vil regulere ett av vatna».

Svar BKK:

Konsekvensutgreiinga syner at området som Turlaget nemner har høg landskapsmessig verdi og høg verdi som turområde. Omsøkte løysing er tilpassa desse verdiane ved å gjere inngrepa så lite synleg og skånsame som mogleg. Det er ikkje riktig at at Vossadalsvatnet vert regulert (som reguleringsmagasin). Vossadalsvatnet vil verte eit inntak for overføringa og halde tilnærma same vasstandsvariasjonar som før inngrepet. Sjølv inntaket i Vossadalsvatnet vert ikkje synleg. Sperredammen ved utlaupet av vatnet vil verte tilpassa omgjevnadane. Med desse tilpassingane vil bruk av området til energiproduksjon og turområde kunne sameksistere.

6. Samarbeidsrådet for Naturvernsaker

SRN går mot at det vert gjeve konsesjon for overføringsprosjektet og kraftverk i Øystesevassdraget på bakgrunn av friluftsliv- og naturvernargumenter.

Svar BKK:

Sjå svar nr 1 og 5

7. Naturvernforbundet

Naturvernforbundet hevdar at det ved utlaupet av Fitjadalsvatnet vil vere 40 prosent att av opphavelig vassføring og at ein slik reduksjon vil føre til dårleg sirkulasjon, attgroing og eutrofiering i Fitjadalsvatnet.

Svar BKK:

Det er ikkje riktig at det vil vere 40 prosent att av vassføringa ved utlaupet av Fitjadalen. Hydrologiske utrekningar viser at det ved innlaupet til Fitjadalsvatnet vil vere 63 prosent av opphavelig vassføring att i gjennomsnitt over året. Fagutgreiinga om vasskvalitet og ureining slår fast at vasskvaliteten i området er god og at det ikkje er ureiningskjelder i området. Eit stort restfelt som bidreg med 63 prosent av opphavelig vassføring, flaumar og eit relativt næringsfattig vatn tilseier at ein ikkje skal få problem med attgroing av Fitjadalsvatnet.

8. Naturvernforbundet Hordaland

Naturvernforbundet Hordaland peikar på området nord for Svartavatnet og Søyagjelet som viktig viltområde og at tiltaket vil ha negativ verknad på dette.

Svar BKK:

Det viktige viltområdet strekkjer seg i hovudsak rundt Søyevatnet med tilhøyrande småvatn. Dette området ligg om lag 750 moh. Massedeponiet vil ligge på høgda 625 moh om lag ein kilometer vekke. Vegen og tunnelpåhogget ligg i høgda 625 til om lag 700 moh, under ein kilometer vekke. Mellom tunnelpåhogget i Søyegjelet og viltområdet ligg det ei høgde på 816 moh. Det er BKK si vurdering at det viktige viltområdet vil ligge godt skjerma frå anleggsarbeida som vil gå føre seg i gjelet. Fagrapporten for vilt peikar også på at anleggsperioden er mellombels og viltet raskt vil re- etablere seg etter anleggsfasen.

9. BKK Nett

BKK Produksjon har ingen kommentarar til uttalen

10. Kvam Turlag

Sjå svar 1 og 5

11. Vemelaget i Kvam og Øystese jeger og fiskarlag

Sjå svar 1 og 5

12. Kystverket

BKK har ingen kommentarar til uttalen

13. Statnett

BKK har ingen kommentarar til uttalen

14. Direktoratet for mineralforvaltning

BKK har ingen kommentarar til uttalen

15. Statens Vegvesen

BKK har ingen kommentarar til uttalen

16. Kyrkjevika hyttelag

Sjå svar 1

17. Kristin Andersen Soldal

Sjå svar 1 og 5

18. Liv Lyngstad og Even Øyri

I konsekvensutgreiinga har BKK valt å skildre området som vert råka, oppdelt i ulike landskapsområde. Dei set eit skilje i landskapsområda ved terskelen til Vossadalsvatnet, og heilskapsvurderinga av vassdraget vert etter vår meining ikkje god.

Svar BKK:

SWECO som har utgreidd konsekvensane for landskap og INON har delt opp influensområdet fordi desse områda har ulik framtoning, ulik grad av inngrep og visuelt preg. Denne metoden sikrar ein meir detaljert skildring av konsekvensane. SWECO har også gjort ei heilskapsvurdering for landskap. Denne står på s. 49 i rapport om landskap og INON.

LL og EØ

BKK planlegg inngrep i eit område som vert opplevd som urørt, og mykje av området er klassifisert som INON – område med avstand 1 - 3 km og 3 - 5 km frå inngrep. Inngrepa som er planlagde vil redusere INON- områda sterkt, og etter vår meining er det svært uheldig at inngrepa kjem midt i eit elles samanhengande inngrepsfritt område. Det er svært få inngrepsfrie område i regionen og me meiner det er svært viktig å ta vare på det som er igjen av urørt natur.

Svar BKK:

Sjå svar 1 og 5

LL og EØ

I arealdelen av kommuneplanen til Kvam Herad er området Vossadalen – Fitjadalen klassifisert som LNF-n område. I desse områda skal naturvern stå sterkt og vasskraftutbygging (og andre inngrep) bør ikkje kome i desse områda. Dette har mellom anna ført til at grunneigarar ikkje har fått realiserte planar om hytteutbygging.

Svar BKK:

Omtalte retningslinjer i kommuneplanen må sjåast opp mot omsøkte prosjekt og prosjektet sine konsekvensar. Området sin status i kommuneplanen er gjort greie for i konsesjonssøknaden og vil verte ein del av heilskapsvurderinga for konsesjonsmyndigheitene. Tiltaka i Søyegjelet og dam Svartavatnet ligg ikkje i LNF-N område.

LL og EØ

Etter at turisthytta på Vending vart bygd har me som brukar området mykje, registrert fleire turgåarar i Vossadalen. Me reagerar på at konsekvensutgreiinga ikkje har med statistikk på overnattingsdøgn på Vendingshytta, og kor mange av gjestane der som kjem frå eller skal til Fitjadalen / Øystese. Vossadalen er også mykje brukt av turgåarar som går rundturar frå Fitjadalen, og me meiner bruken av Vossadalen og Fitjadalen som turområde vert undervurdert i fagrapport og konsekvensutgreiing. Inntrykket av Vossadalen som vill og urørt, vert sterkt redusert ved overføring frå Vossadalsvatnet til Svartavatnet.

Svar BKK:

Vi meiner at det omtalte området ikkje er undervurdert i konsekvensutgreiinga. Området frå Vossadalsvatn til Fitjadalen og Vossadalsvatn – Fugladalen er i fagrapporten for friluftsliv gitt stor verdi (som er høgste verdi på skalaen). Denne verddivurderinga reflekterer nettopp bruken av området til turføremål både lokalt og vidare til turstihytter.

LL og EØ

Det vert i konsekvensutgreiinga peika på at det er berre er ein liten del av heile vassdraget som vert tørrlagt. Det vert ikkje lagt vekt på at turgåarar har nærast kontakt med elvane i vassdraget på strekninga frå Vossadalsvatnet til Fetet i Fitjadalen. Om minstevassføringa etter inngrepet vert 115 l/ sek. vil elva verte oppfatta som tørrlagt på omlag ¾ av denne strekninga, og vassføringa i den resterande strekninga vert sterkt redusert. Dette meiner me vil ha store negative konsekvensar for naturopplevinga i området.

Svar BKK:

Det er ikkje riktig at elva vert tørrlagt frå Vossadalsvatnet til Fetet. Minstevassføringa skal sikre vassføring rett nedanfor dammen ved Vossadalsvatnet, vidare i vassdraget vil eit stort restfelt bidra med vassføring. Turen frå Fetet til Vossadalsvatnet er om lag 5,5 km. Frå Vossadalshola der turstien kryssar elva til Vossadalsvatnet er turstien om lag 2 km lang. Ved Vossadalshola vil vassføringa vere om lag 20 prosent av opphaveleg vassføring i eit middelsår. Det vil seie at litt i overkant av ein tredjedel av turen frå Fetet til Vossadalsvatnet går langs elva der vassføringa vil vere 20 prosent eller mindre enn opphaveleg.

LL og EØ

Delrapport for landbruk meiner me er svært svak. Det er faktafeil i rapporten, men mest alvorleg meiner me det er at rapporten heilt ser bort frå at det planlagte anleggsområdet i Søyegjel vert nytta som beiteområde for sau i dag. Me har i fleire møte orientert BKK om at 20 % av sauene til Øystese beitelag (115 dyr i 2012) beiter i området rundt Søyegjel. Dei beiter på begge sider av elva og heilt ned til Svartavatnet, der riggområdet er planlagt. Dette er ikkje nemnt i rapporten, og me vil be om at det vert utarbeidd ein tilleggssrapport som viser konsekvensane av inngrepet for beitedyra. Me håpar også BKK planlegg avbøtande tiltak for å minske negative verknader for beitedyra. Det må mellom anna vere trygt for dyra å krysse elva etter eit evt. inngrep. Me og andre som nyttar området, har i framtida, som i dag, trong for å krysse elva i Søyegjel tørrskodd. Når me skal sjå til dyra, og / eller legge ut saltsteinar i området, brukar me fleire gonger i løpet av sommaren båt over Svartavatnet. Me vil gjerne ha svar på korleis det vert å leggje til med båt i Øystesehola i ein evt. anleggsperiode og i ein evt driftsfase. Me ynskjer også svar for korleis utløpet av tunnelen og elveløpet vert skjerma, slik at det ikkje er fare for at dyr vert tekne av plutselege og store vassmengder. Om Vossadalselva vert tørrlagt mistar me eit naturleg stengsel i beiteområdet vårt. Me meiner rapporten tek for lett på ulempene me får. Mange dagsverk går med for å leite etter sau som trekker på avveggar. I rapporten vert det peika på at det kan setjast opp gjerde. Eit slikt gjerde vert fleire kilometer langt, og krev omfattande og årleg vedlikehald. Gjerdet kan aldri erstatte det naturlege stengselet som elva utgjer.

Svar BKK:

Store delar av BKK sine reguleringsanlegg ligg i områder som vert nytta til fjellbeite for sau i sommarsesongen. Fjellområda i Høyanger, Masfjorden, Modalen og

Eksingedalen er nokre. Vår oppleving er at BKK sin infrastruktur med anleggsvegar og massedeponi er til stor nytte for dei som driv med sauehald. Massedeponia vert ofte nytta som oppsamlingsgjerdar, og anleggsvegane mogleggjer transport med dyrebil og sparar ofte sauesankarar for lange turar. Dersom infrastrukturen som overføringsprosjektet etablerer, med massedeponi, landingsmoglegheiter for båt og veg i Søyegjelet kan vere til nytte ynskjer BKK å legge til rette for det. Erfaringar frå andre prosjekt, der vi aukar vassføringa i elva, tilseier at vi må etablere bru der bruken av området syner at dette er naudsynt. Spørsmål om tilkomst og bru i Søyegjelet ynskjer vi å avklare i dialog med grunneigarane som ein del av detaljplanlegginga når konsesjonen ligg føre. Overføringa vil ikkje medføre plutslege og store vassmengder som er til skade for folk eller fe. Overføringa vil bidra med eit jamt tilsig i takt med nedbør og smelteprosessar frå nedbørsfeltet. Dei negative effektane av tap av sjølvgerde er gjort greie for i fagutgreiinga.

19. Øystese Kraft


Grunneigarane i Øystese kraft AS har verdifulle kraftressursar i øvre del av Øystesevassdraget gjennom sitt eigarskap til fallrettar og grunn i dette området. Trass dette har grunneigarane ikkje teke initiativ for å utvikle dette området. Tvert om - Øystese Kraft har vist respekt for lokalsamfunnet, og andre offentlege mynde sine klare føringar i samband med vernesaka og jobba for at det urørte og verdifulle rekreasjonsområdet frå Fitjadalsvatnet og oppover skal vera urørt. Vi vart på bakgrunn av dette svært overraska då vi fekk vite at BKK ville søke om å gjere inngrep i det verdifulle Vossadals- og Fitjadalsområde samt å søke om å få ekspropriere grunn- og fallrettar av oss og andre for å få tilgang til netto produksjon på 17,7 (37,7-20) GWh frå Øystesevassdraget. Med bakgrunn i dette er vi i mot at BKK får konsesjon til å overføra vatn frå Øystese til Samnanger. Både pga den store miljøkonsekvensen samt at det vil redusere moglegheiten for ei utvikling av Øystese kraftverk i eigen regi.

Svar BKK:

BKK meiner det ligg klare rettslege føringar som tek omsyn til Øystese kraft AS sine privatøkonomiske interesser når BKK får overføra vatn frå Øystesevassdraget. Det er viktig for BKK å presisere at ei utbygging av både Øystese kraftverk og overføring gjev den klart beste utnyttinga av vassressursen samt største verdiar til kommunen og samfunnet. I tillegg vil ei overføring nytte allereie eksisterande infrastruktur i Samnanger og gjere denne meir effektiv. Øystese kraft sin påstand om ein nettoproduksjon på 17,7 GWh er heller ikkje riktig. Situasjonen i Samnangervassdraget vil vere endra før overføringa vert sett i drift. Dersom overføringa vert utnytta i Aldal kraftverk vil overføringa utgjere om lag 54 GWh og i større grad bidra i eit framtidretta kraftsystem med regulerbar energi.

For andre spørsmål viser vi til konsekvensutgreiinga.

Vennlig hilsen
BKK PRODUKSJON AS



Wenche Teigland
Adm. Dir



Arne Andreas Riisnes
prosjektleder